

## Verjeerklæring

Skjemaet er ei erklæring frå deg på at du tar på deg oppdraget som verje (eventuelt mellombels verje eller setjeverje) for personen nemnd i skjemaets punkt 2. Skjemaet skal fyllast ut og returnerast til statsforvaltaren i samband med oppnemninga. Kwart oppdrag blir tildelt enkeltvis. Ingen har krav på å få tildelt oppdrag, sjølv om ein er eigna som verje.

Eit oppdrag som verje er eit tillitsverv. Verja skal vise respekt for klienten, og medmenneskeleg møte vedkommande med venlegheit, menneskeverd og likeverd. Verja skal så langt som mogleg setje seg inn i klientens situasjon og ta avgjersler til beste for vedkommande.

Verja har ansvar for å ta til seg den kunnskapen som er nødvendig for å utføre verjeoppdraget på ein god måte, og skal følgje dei lover, forskrifter, instruksar og vedtak som gjeld på området.

### 1 Verje, mellombels verje, eller setjeverje

Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Adresse:	
Postnummer:	Poststad:

### 2 Personen med verje

Fornamn:	Fødselsnummer:
Mellomnamn:	
Etternamn:	
Adresse:	
Postnummer:	Poststad:

### 3 Politiattest og kredittsjekk

Faste verjer og verjer som ikkje er nærstående, skal leggje fram politiattest etter krava i lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) §§ 26 og 28 anna ledd og forskrift til vergemålsloven av 15. februar 2013 nr. 201 (verjemålsforskrifta) § 15.

Eg har her lagt ved eller tidlegare lagt fram nødvendig politiattest.

Ja, politiattest er lagt ved

- Ja, tidlegare lagt fram
- Nei, ikkje relevant
- Eg er kjend med at det blir gjort ein kredittsjekk av meg i vurderinga av om eg er eigna som verje.

#### 4 Forvaltning av eigedelane til personen med verje

Fyll ut dersom verja skal hjelpe personen med verje i økonomiske saker.

- Eg er kjend med reglane i verjemålslova om forvaltning av eigedelane til personen med verje. Eigedelane, medrekna fast eigedom, lausøyre, osv., skal sikrast og haldast i god stand, og dessutan lagrast og **forsikrast** på ein forsvarleg måte, slik det er vanleg å ta vare på slike eigedelar. Eigedelar som kan gi avkastning, skal drivast eller plasserast slik at dei gir ei avkastning som ein normalt ventar av denne typen eigedelar, jf. verjemålslova § 36.
- I den grad verjemålet omfattar midlar som statsforvaltaren skal forvalte, er eg kjend med at Statens sivilrettsforvaltning forhandlar fram avtaler om innskot i bank, plasseringsalternativ og rentevilkår med ulike bankar. Det er eg som verje som skal velje mellom dei fastsette bankane som midlane skal plasserast i, og til kva vilkår innskot skal plasserast, jf. verjemålsforskrifta kapittel 6.
- Eg er kjend med at følgjande saker **alltid** krev førehandssamtykke frå statsforvaltaren, jf. § 37 tredje ledd, § 38, jf. § 11 og §§ 39-43:
- bruk av kapital som tilhøyrer personen med verje
  - drift av næringsverksemd
  - større gåver eller arveforskot
  - kjøp, sal eller utleige av bustad og lausøyre
  - utlån av midlane til personen med verje
  - låneopptak og pantsetjing
  - avkall eller avslag på arv eller gåve
  - fråfall av odelsrett

#### 5 Forholdet til statsforvaltaren og opphøyr av vervet som verje

- Eg veit at eg som verje står under tilsyn av statsforvaltaren og pliktar å gi dei opplysningane om verjemålet som statsforvaltaren ber om, jf. verjemålslova § 47 første ledd.
- Eg er kjend med at eg bør rådføre meg med statsforvaltaren når eg er i tvil, og når det gjeld avgjerder som er særleg viktige, jf. verjemålslova § 47 anna ledd.
- Eg er kjend med at verjeoppdraget kan bli tatt frå meg dersom statsforvaltaren kjem til at det er det beste for personen med verje, eller dersom omsynet til vedkommande gjer det nødvendig. Dette gjeld for eksempel dersom eg ikkje held tidsfristar, ikkje leverer verjerekneskap eller dersom eg disponerer over midlane til personen med verje utan å ha henta inn samtykke på førehand, jf. verjemålslova § 29 anna ledd.
- Eg er kjend med at eg blir politimeld dersom det viser seg at eg underslår midlar som høyrer til personen med verje, jf. straffelova kapittel 24.

#### 6 Tiejplikta for verja, jf. verjemålslova § 46 og forvaltningslova §§ 13-13c

- Eg er kjend med at eg som verje har teiejplikta, og at denne teiejplikta også gjeld etter at verjemålet er avslutta.

#### 7 Plikta verja har til å høyre personen med verje, jf. verjemålslova § 33 og § 17 fjerde ledd

- Eg er kjend med at eg som verje, så vidt mogleg, skal høyre med personen med verje før eg gjer større disposisjonar, og elles når dette er naturleg. Dette gjeld også mindreårige som har fylt 12 år. Eg er også kjend med at eg ikkje kan gjere disposisjonar som personen med verje motset seg, med mindre den rettslege handleevna er tatt frå han eller henne.

<b>8 Habiliteten til verja, jf. verjemålslova § 34 og § 27</b>		
<input type="checkbox"/> Eg er klar over at eg kan bli vurdert som inhabil i saker der eg sjølv eller nokon som står meg nær, har ei interesse som strir mot interessene til han eller ho som har verje. Eg er klar over at det i slike saker må nemnast opp ei mellombels verje (setjeverje).		
<b>9 Underskrift</b>		
Med dette aksepterer eg verjeoppdraget og stadfestar at alle punkta over er lesne og forstått.		
Dato:	Stad:	Underskrift frå verja: